



## **NOU 2009:18 Rett til læring**

### **FELLES HØYRINGSUTTALE**

#### **FRÅ KOMMUNANE LESJA, DOVRE, SEL, VÅGÅ, LOM OG SKJÅK**

Vi ynskjer å uttala oss i første rekke om kapitla 13 og 14 i utredninga.

#### **KAPITTEL 13: TIDLEG INNSATS OG FØREBYGGING**

*Utvalet ynskjer bl.a. at barnehagar og skolar skal ha ein førebyggjande strategi der ein sikrar at problem og utfordringar blir teke tak i og handtert tidlegast mogleg. Eitt av tiltaka er kommunal plikt til språkkartlegging av barn omkring fylte tre, fire og fem år.*

Vi er einige i at språkkartlegging skal nyttast for tidleg avdekking av behov for ekstra oppfølging. Spørsmålet er om plikta til kartlegging skal omfatte alle barn eller berre dei som personalet vurderer at det er behov for å kartlegge. Vi meiner at dette siste spørsmålet bør vera opp til den enkelte kommune å avgjera. Det er elles behov for avklaringar med omsyn til kartleggingsverktøy og system for oppfølging av resultatane.

*Utvalet ynskjer også sterkare tidleg fokus på barns sosiale kompetanse, åtferd og psykiske helse.*

Vi støttar dette synspunktet. Som også utvalet er inne på, finst det relativt godt belegg for risikofaktorar på dette området og vi/kommunane bør bli flinkare til å bruke desse i det førebyggjande arbeidet vårt.

*Læringsboka blir innført som felles verktøy for tidleg innsats og oppfølging. Boka skal følgje barnet frå barnehagen, gjennom grunnskolen og til fullført vidaregåande opplæring.*

Vi ser læringsboka som eit potensielt nyttig verktøy. Den vil bl.a. kunne bidra til ei samla oversikt over utfordringar og tiltak og slik sikre at vurderingar om tiltak blir gjort på eit breiast mogleg grunnlag. Den kan også kunne bidra til betre samanheng og overgangar. Den må elles få ein struktur og ei form som kan gjera den til eit verdfullt dokument for alle partar.

## **KAPITTEL 14: RETT TIL EKSTRA TILRETTELEGGING I OPPLÆRINGA**

*Retten til spesialundervisning i opplæringslova § 5-1 blir foreslått erstatta av ein rett til ekstra tilrettelegging i opplæringa.*

Vi reknar med at dette, dersom vedtatt, vil medføre også andre endringar i opplæringslova kapittel 5.

*Utvalet ynskjer at "Vedtak om ekstra tilrettelegging i opplæringa kan fattes uten sakskyndig vurdering slik det forutsettes i dagens § 5-3 i opplæringsloven, men basert på barnehagens eller skolens egen saksforberedelse, gjort i samarbeid med PP-tjenesten."*

*"Når tiltak som er satt inn for å bedre læringsutbyttet ikke har hatt ønsket effekt, må barnehage/skole og PP-tjeneste samhandle om den videre tilretteleggingen."*

Vi meiner at desse framlegga kan bidra til at barn får raskare hjelp og at PPT får moglegheit til å bruke meir av tida si i det direkte arbeidet med elevar, foreldre og pedagogar. I vår region kan dette opne moglegheita for ei vidareutvikling av PPT sin funksjon til større nærleik til praksis og større moglegheit for systemarbeid, og vi er udelt positive til dette.

Forarbeidet til vedtak om ekstra tilrettelegging i opplæringa utan sakkunnig vurdering, må skje i nært samarbeid med PPT.

Omlegginga til moglegheit for enkeltvedtak om ekstra tilrettelegging i opplæringa utan sakkunnig vurdering, jf. dagens § 5-3 i opplæringslova, må ikkje gå på bekostning av rettstryggleiken for barn med særskilte behov for ekstra hjelp.

For kommunane Lesja, Dovre, Sel, Vågå, Lom og Skjåk

Erik Slettahaug  
Leiar 6K skole

Greta Talleraas  
Saksbehandlar